



Geir Rusten er særns nøgd med prosjektet sitt i Uskedalen. (Foto: Ola Matti Mathisen)

No er 10 av dei 11 bustadene i byggjestege 1 i Beinavikjo selde og starten på arbeidet med byggjestege 2 er like om hjørnet. Det fortel Geir Rusten til innsida.no. 1. september i år trur Rusten han er ”mykje godt ferdig” med alt.

Han seier at dette er det flottaste og mest spanande prosjektet han har vore med på. Eigentleg tenkte han å gjera alt ferdig før bueiningane vart lagt ut for sal, men førespurnadene strøymde på. At ein leilegheit i byggjestege 1 ikkje er seld enno, skuldast rett og slett at den ikkje er ferdig.

Rusten har ikkje dreve noko aggressiv marknadsføring, det har nærast gått av seg sjølv. Han trudde at bustadene kunne vera noko for utflytta uskedelingar, men det er faktisk fastbuande som har kjøpt. Rusten slår fast at prosjektet gjer eit løft for Uskedalen, Han trur ikkje det er mogeleg å kopiera det andre stader i Kvinnherad og viser til at prosjektet allereie låg i strandsona og var modent for opprusting.

- Ein finn ikkje noko lignande, seier han.

- Ein kjøper seg fritid når ein investerer i ein leilegheit i Beinavikjo Bryggje, seier Rusten. Han er så nøgd med prosjektet at han kunne tenkt seg fleire av leilegheitene sjølv.
- Kvar av dei har sin eigen sjarm, det er noko spesielt ved alle saman, seier Rusten.